



## Vedtekter for Nordhordland Hesteskokastarlag (NHK).

### § 1.

**Nordhordland Hesteskokastarlag** har som formål å fremje sporten.

### § 2.

**Nordhordland Hesteskokastarlag** skal stå tilslutta Norges Hesteskokastarforbund.

### § 3.

#### **Medlemskap.**

Alle som ønskjer å bli medlem i **Nordhordland Hesteskokastarlag** må som hovudregel bu innanfor grensene til gamle Hordaland fylke.

Den som ønsker medlemskap i **NHK** må søkja styret i **NHK** om dette på **NHK** sitt søknadsskjema, styret behandlar søknaden og tilbakemelder om medlemskap innvillges i løpet av seinast 14 dagar.

Ein søkjar kan ikkje bli medlem av **NHK** før alle forpliktelsar i andre hesteskoklubbar er gjort opp.

Medlemskap gjeld frå den dagen styret har akseptert søknaden og kontingenten er betalt.

Medlemmer som ikkje rettar seg etter vedtektene til **NHK** og Norges Hesteskokastarforbund kan bli fråteke medlemskapet sitt i **NHK**. Det er styret i **NHK** som skal handsama ei slik sak.

For å få stemmerett i klubben må eit medlem være fylt 15 år og ha vore medlem i minst 1 måned og ha sitt forhold til klubben i orden.

Medlem som skylder kontingent for to år taper automatisk sitt medlemskap i **NHK** og skal strykes fra lagets medlemsliste. Medlem som har tapt sitt medlemskap kan ikke tas opp igjen før skyldig kontingent er betalt.

### § 4.

#### **Kontingent.**

Kontingenten skal betalast på forskot, storleiken skal kvart år fastsetjast av årsmøtet. Medlemer som ikkje har fylt 16 år skal betale redusert kontingent.

### § 5.

#### **Årsmøtet.**

Årsmøtet er det høgaste organ i **Nordhordland Hesteskokastarlag**. Det skal avviklast kvart år innan utgangen av januar.

Styret innkallar til årsmøtet minst tre veker før årsmøtet skal avviklast.

Forslag som skal handsamast på årsmøtet må være styret i hende seinast to veker før årsmøtet vert avvikla.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer med røysterett som møter. Når ikkje anna er bestemt i vedtektene er alle vedtak gyldige når dei får fleirtal av røystene.

Årsmøtet skal:

**1:** Handsame årsmelding.

**2:** Handsame revidert rekneskap.

**3:** Handsame innkomne saker.

**4:** Fastsetje medlemskontingent.

**5:** Vedta budsjett

**6:** Velje følgjande tillitsvalde:

**A:** Styre, som skal vere samansett av: Leiar, nestleiar, skrivar, kasserar og ein eller to styremedlemer. Styret utanom leiar skal konstituera seg sjølv.

Leiar vert vald for eitt år om gongen, dei andre styremedlemene for to år.

Etter fyrste året er, etter loddtrekking, to av styremedlemene på val.

**B:** Eit varamedlem til styret.

**C:** Ein revisor og ein vara revisor.

**D:** Utsendingar til forbundet sitt årsmøte.

**E:** Valnemnd på 2 personar.

Alle medlemmer med røysterett kan veljast. Alle val skal være skriftlege dersom det er meir enn ein kandidat og eit medlem krev skriftleg val.

### § 6.

#### **Ekstraordinært årsmøte.**

Ekstraordinært årsmøte kan bli avvikla når styret bestemmer det, eller når minst 2/3 av dei røysteføre

medlemene krev det. Fristar som for ordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei saker som er kunngjort i innkallinga.



## § 7.

### **Medlemsmøter.**

Medlemsmøter kan avviklast når styret finn det naudsynt.

## § 8.

### **Styret sine oppgåver.**

**Nordhordland Hestekokastarlag** blir leia av styret, som er det høgaste organ mellom årsmøta. Styret skal.

- 1: Setje i verk dei vedtak som vert gjort av årsmøtet, og dei pålegg som måtte kome frå Norges Hestekokastarforbund.
- 2: Stå føre den daglege leiinga av klubben og representere denne.
- 3: Nemne opp komitear, utval og personar for særskilde oppgåver når det er naudsynt.
- 4: På beste måte forsøke å løyse laget sine oppgåver, med trening, stemne og på annan måte ta vare på laget og medlemene sin interesser.

Styret skal halde møte når leiar bestemmer det, eller når fleirtalet av styremedlemene krev det.

Eit styremøte er vedtaksført når leiar og minimum 2 andre styremedlemer er til stades.

Det skal førast møtebok over dei saker styret tek opp. Alle vedtak i styret er gyldige når fleirtalet av styret røyster for. Er røystetalet likt, gjev leiaren si røyst utslag.

## § 9.

### **Styret sitt arbeid.**

- 1: Leiaren har den daglege leiinga av klubben. Han skal tilvise alle utbetalingar, leie drøftingar i styret, dersom ikkje anna er bestemt. Han syter for at adresseendringar, medlemstal og liknande vert meldt til forbundet.
- 2: Når leiaren er fråverande fungerer nestleiar/skrivar som leiar..
- 3: Nestleiar /skrivar skal føre protokoll over alle styremøte, medlemsmøte og årsmøte. Han skal i samråd med leiaren ta seg av korrespondansen til klubben. Han skal også ha ansvar for arkivet til klubben.
- 4: Kasseraren skal føre rekneskapet og medlemsliste for klubben.
- 5: Dei 2 eller 3 styremedlemene skal føre tilsyn med klubben sitt materiell.
- 6: Revisor skal gå gjennom rekneskapet etter vanleg praksis.

## § 10.

### **Oppløysing,**

Vedtak om oppløysing av klubben kan berre gjerast på ordinært årsmøte med minimum 2/3 fleirtal.

Framlegget må være sett opp på saklista på førehand. Vert oppløysing vedteke skal saka takast oppatt på ekstraordinært årsmøte tidligast 3 månader seinare, og også her få 2/3 fleirtal for å verte gjeldande.

Vert **Nordhordland Hestekokastarlag** oppløyst, og det ikkje blir skipa ny klubb/klubbar som er eit naturleg framhald av **Nordhordland Hestekokastarlag**, skal aktiva og passiva gå til idrettslege føremål i Alver kommune eller til det som årsmøtet bestemmer.

## § 11.

### **Vedtektsendring.**

Endringar i disse vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal.

Vedtektsendringar kan ikkje vedtakast utan at saka er fremja på saklista.

## § 12.

Desse vedtektene kan ikkje stri mot vedtektene til Norges Hestekokastarforbund eller til vedtak gjorde av Norges Hestekokastarforbund sitt årsmøte. I så fall vert den/dei paragrafane det gjeld å sjå på som oppheva.

-----  
Vedtektene over her blei vedtatt på årsmøtet i NHK 15.01.2023

NHK vart stifta 27.10.1991.

NHK har org.nr 882 716 422 og er registrert i Enhetsregisteret/Frivillighetsregisteret.

Lars Arne Kolås. (leiar)

-sign-